


# EG, VI OG DEN STORE FORTELJINGA



*Tove Giske, førsteamanuensis Haraldsplass diakonale høgskole. Tove er autorisert sjukepleiar og har erfaring frå medisinsk avdeling.*

*Ho har vore tilsett Haraldsplass diakonale høgskole sidan 1985. Ho har undervist om, forska på og publisert innan åndelig omsorg i mange år. Tove har i mange år vore engasjert i Nurses Christian Fellowship International og har dei siste 6 åra vore visepresident.*

## INNLEIING

Gjennom forteljningane vi fortel om oss sjølve og til kvarandre, utviklar vi vår sjølvforståing som person, kvar vi kjem frå og kva som er viktige hendingar i liva våre. Forteljningane våre utviklar seg stadig ettersom vi vert eldre og gjer oss nye erfaringar. Forteljingar kan også endre seg ved ny innsikt.

I denne artikkelen ser vi på korleis de enkelte si forteljing heng saman med det fellesskapet vi er vaksen opp i og er ein del av. Vi vil også sjå på korleis den store forteljinga, som pregar tida og kulturen vi er ein del av og forstår oss som ein del av, dannar eit bakgrunnsteppe for forteljinga om livet mitt og forståinga av kven eg er.

## MI FORTELJING

Livshistoria er historia den enkelte av oss fortel om livet vårt. I denne historia er stort og smått veva sama til eit uttrykk for kven vi er og kva som har vore og er

viktig i liva våre. Livshistoria mi gjeld meg, det er ei "jeg-historie". Den har ei byrjing og den har ein ende, den har tid og rom, opplevingar, stader, personer, bøker og endå meir i seg som er viktig i livet mitt og i historia mi.

## VÅR FELLESE "VI - HISTORIE"

Som menneske lever vi saman, og mi "jeg-historie" har med andre menneske å gjere. Vi er fletta inn i kvarande sine liv og vi lever som deler av andre sine historier. Saman blir vi til "vi-historier". Vi vert fødte inn i slike "vi-historier". Familien vår, slekta vår, naboar, klassekameratar, arbeidskollega, pasientar er døme på menneske som mi "jeg-historie" vever seg saman med til "vi-historier". Identiteten vår veks ikkje berre utav våre "jeg-historier", den er også knytt til den større "vi-historia" vi er ein del av, til det som var der før oss og til det som vil fortsette etter at vi er borte. Identiteten vår kjem til uttrykk i måten vi fortel våre "vi-historie" på. På denne måten er vi med på både å forme våre «vi-historier» samstundes som vi vert forma av dei.

## DEN STORE FORTELJINGA

"Universal-historier" eller "all-historier" er forteljingar som uttrykker noko som gjeld alle menneske. Det er fleire parallelle slike "all-historier" i verda og dei store religionane og kulturane fortel alle si "all-historier".

Den danske teologen Svend Bjerg (Bjerg 1984, Tornø 1996) bruker litt andre ord om dette når han skjelner mellom grunnforteljing og enkeltforteljingar. Grunnforteljinga er samanhengen mellom "jeg-historia", "vi-historia" og "all-historia". Den formar og byggjer eit menneske og eit folk sin identitet. Grunnforteljinga gir oversikt og hjelp til oss slik at vi kan organisere enkeltforteljingane våre inn i ein større samanheng. Enkeltforteljingar er alle slags forteljingar frå livet vårt som spenner frå det banale til det som avgjer skjebna vår.

Der er ein vekselverknad mellom det å fortelje enkeltforteljingar om stort og smått i livet og det å fortelje seg inn i den større grunnforteljinga. Mennesket fortel sine enkelthistorier som vi prøver å organisere til ein heilskap. Grunnforteljinga kan hjelpe oss med ei slik orientering og gi overblikk og tolkingsramme for levd liv og erfaring. Grunnforteljinga er open og inviterande, men den tvingar ingen til å tilpasse seg. Etterkvart som vi veks og modnast som menneske skjer det ein individualiseringsprosess og den enkelte kan velje å fortelje seg meir bevisst inn i eller utav den grunnforteljinga ein er vaksen opp i. I vårt sekulariserte og pluralistiske samfunn skjer det stadig oftare at menneske tek med seg si «jeg- og vi-historie» utav fellesskapet sin grunnforteljing og fortel seg over ei av dei

andre store grunnforteljingane. Sekularisering og pluralisering fører også til at grunnforteljinga i kulturen vår ikkje er så eintydig som den var tidlegare.

Grunnforteljinga i den norske kulturen har mange element i seg. Den kristne trua har vore levande i landet vårt i meir enn 1000 år og forma verdsbilete og verdiar i samfunnet vårt. Arven frå antikken er ein annan element. Eventyr og myter, litteratur og filosofi er andre element som vever seg inn i vår vestlege og for oss norske grunnforteljing. Grunnforteljinga ligg alltid som eit bakgrunnstemme før den enkelte si forteljing byrjar. Vi vert fødte inn i grunnforteljinga, og vi blir ein del av den før vi sjølv forstår og kan fortelje vår "jeg-historie". Vi fødest inn i ei historia før vi har ei historie, så på denne måtar er det ingen av oss som kan skape identiteten vår frå grunnen av.

Å vere ein del av same grunnforteljing gir eit djupt fellesskap og eit bakgrunnsteppe for forståing som ofte er taus for oss. Møtet med menneske som fortel livshistoria si ut frå ei anna grunnforteljing enn mi eiga kan hjelpe oss til å få auge på alt det vi tar for gitt og deler utan å sette ord på det. Dersom verdsbilete, verdiar og normer samt regler for åtferd er annleis enn det vi er vane med, treng vi kunnskap og tid til samtale for å kunne forstå kvarandre. Den

jødiske psykiateren Leo Eitinger, som var fødd i Tsjekkoslovakia i 1912 og kom til Norge i 1939, for så å verte send til tyske konsentrasjonsleiarar frå 1942 – 45, sette ord på kor vanskeleg det var å leve som jøde i Norge. Han opplevde å flytte inn i ein kultur som ikkje delte den grunnforteljinga han hadde vakse opp i. Dette uttrykte han slik: Det tek lang tid, kostar mange skuffelsar og tek mykje energi før ein lærer at det som er naturleg for meg ikkje er naturleg for alle, at min historie og mine heltar ikkje er andre sine heltar og at min Gud, som er det naturlegaste av alt, ikkje er alle sin Gud.

### Å VERE

#### KRISTEN SJUKEPLEIAR

KFSS er opptatt av eksistensielle spørsmål, livssyn og åndeleg lengsel og korleis det kan komme til uttrykk i sjukepleiepraksis. Desse uttrykka er allmenne menneskelege, men dei vert formulerte og arbeidd med utfrå den grunnforteljinga vi er ein del av. Eitersom grunnforteljingane varierar, vil uttrykka, spørsmåla og svare variere. KFSS arbeider i hovudsak ut frå den norske grunnforteljinga og vil ha sine begrensingar i forhold til å gi konkret veiledning i møtet med menneske som fortel liva sine inn i andre grunnforteljingar. KFSS er ein del av eit verdsomspennande fellesskapet gjennom Nurses Christian Fellowship International. Der møter vi

andre kristne sjukepleiarar som viser oss at uttrykka og måten ein kan møte menneske på kan varierer mykje. Grunnforteljinga for pasientar og kristne sjukepleiarar i land som Sierra Leone, Chile, Pakistan og Fiji har tydelege merke av landa si historie, kultur og tradisjonar.

Felles for oss alle er at kan vere nyttig å stanse opp og reflektere og tenke over kven vi er og korleis våre «eg- og vi-historie» pregar oss som menneske og sjukepleiar. Til slutt i denne artikkelen finn du nokre spørsmål som kan stimulere slik ettertanke.

Den norske psykiateren Gordon Johnsen har klokeleg sagt: Det vi får bevisstgjort kan vi gjere noko med, men det som vi ikkje har gjort bevisst, gjer noko med oss". Difor er arbeid med å verte meir kjend i seg sjølv så viktig. Den som veit kva ho eller han står for kan lettare vere både open og tydeleg i møte med andre.

#### REFLEKSJON:

- Korleis er di "jeg-historie"?
- Kva er viktige personar og hendingar i di "vi-historie"?
- Kva for allforteljing fortel du deg inn i? Har dette endra seg frå barn-dom, ungdom og til vaksen alder?
- Kva deler av all-forteljinga er det viktig for deg å føre vidare til barna dine?